



Naturvernforbundet
i Ørsta og Volda

Volda, 01.08. 2023

Ørsta kommune,
postmottak@orsta.kommune.no

Fråsegn knytt til

Søknad om dispensasjon frå arealplanen for utviding av anlegg for akvakultur 12308 Bjørndal

og til

Søknad om dispensasjon for utviding av akvakultur Slettvika

Takk for tilsende høyringsdokument!

Vi sender ei felles fråsegn om desse to sakene. Føremålet med søknadane er dei same, søkjaren er den same, og våre vurderingar er dei same for begge sakene. Dei bør og sjåast i samanheng med tanke på sumverknader på natur og miljøbelastning langs Vartdalsfjorden.

Desse søknadane gjeld utviding av areal. Når det gjeld den planlagde auken i biomassen, reknar vi med at det vert søkt særskilt om dette til akvakulturlovmynde i Møre og Romsdal. Likevel må føremålet med arealutvidinga vurderast om det skal opnast for ein dispensasjon. Dette heng saman. Omsynet til nytten av ei planending må vege tyngre enn føringane som ligg bak den gjeldande planen.

Når den gjeldande arealplanen er frå 1991, kviler den på eit kunnskapsgrunnlag frå 80-åra. Presset på areal, både i fjordane og på land, er langt sterkare i dag enn då. Dei maritime areala skal no forvaltast som *natur*, slik som landareala. Norge har signert ein avtale om stans i tapet av naturmangfald. Denne gjeld og for livet i fjordane. Naturvernforbundet ser fram til at Ørsta kommune får ein ny arealplan, tufta på oppdatert kartlegging og ny kunnskap om oppdrett og marint liv, fiske og friluftsliv.

Klima- og miljøminister Espen Barth Eide seier det på denne måten: *Gamle planer er en viktig utfordring i arealforvaltningen. Mange planer er vedtatt med hjemmel i plan- og bygningsloven av 1985. Disse planene ble altså til i en tid hvor det var svært lite oppmerksomhet på klima og miljø, og der vi ikke hadde den kunnskapen om økologiske sammenhenger som vi har nå. [...] Arealpolitikken vil stå sentralt i regjeringens arbeid med å følge opp naturavtalen.* (Morgenbladet 15.6.2023)

Då held det ikkje å skrive som Kyst-Plan gjer: *“Det er ikke registrert arter av forvaltningsinteresse ved anlegget”* (punkt 6.6. Slettevika- søknaden) og *“Man har ikke kjennskap til at dette området er viktig for bevaring av naturmangfald”* (punkt 6.9. i søknaden).

Naturmangfaldslova sitt krav om kunnskapsgrunnlag gjeld også under vassoverflata.

Ingen registrering betyr etter alt å dømme mangel på kartlegging og registrering.

Det som er registrert er fleire viktige fiskeplassar som vert forringa om anlegga vert utvida. Både for passive reiskap (garn og line) og for fritidsfiske frå land og båt. Særleg utsett er strekninga mellom Slettevika og Rot.

Begge anlegga ligg nær opptil store tareskogar som er viktige økosystem for fleire artar. Særleg vil vi peike på registreringane Id.BM00117391 og ..92 i Naturbase. Eit auka oppdrettsvolum i Bjørndal/Flåvika vil verke negativt på livet i desse skogane.

Med auka volum aukar og mengda lakselus. Truleg er lakselusa ein av årsakene til at elvane i Barstadvika, på Vartdal og Nordre Vartdal no er nesten utan laks og sjøaure. Miljødirektoratet bidreg med pengar til restaurering av Barstadvikelva, og det er bra. Men truleg vil auken i oppdrettslaks langs Vartdalsstranda trekke i motsatt retning. Større biomasse fører og med seg større rømingfare, meir fôrspel og meir avføring. Dette treng vi mindre av, ikkje meir.

Omsynet til båtar som ferdast langs Vartdalsstranda er ikkje ei naturvernsak, og difor ikkje “vårt bord”, men vi undrast korleis folk med små båtar er nógde med å bli pressa utanfor ei endå lengre sikringssone, 800 meter frå land. Eller vert det farbart på trass av fortøyningane på innsida? Vartdalsfjorden kan vere ruskut.

Av omsyn til natur og miljø frarår Naturvernforbundet at det vert gjeve dispensasjon frå arealplanen for å utvide areal og biomasse ved Aqua Farm Vartdal sine anlegg Bjørndal og Slettvika.

Firmaet må finne andre løysingar for å stette krava i dei nye forskriftene (Nytekn 23). Kanskje færre eller mindre bur i staden for større?

Med helsing frå
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,
Knut Festø,
lokallagsleiar.